

Sak 72 – 21/22: Ekstrasak. Student til innstillingsutval for ny høgskuledirektør

Type sak: Vedtakssak (så fremt Studentparlamentet godkjenner det med 2/3 fleirtal)
Saksframleggar: Velferdsansvarleg

Høgskuledirektør ved HVO har sagt opp stillinga si frå 01.08.22. Høgskulestyret har sett ned eit innstillingsutval som skal innstille på kandidat, både til den faste stillinga til hausten, og til ei mellombels tilsetjing inntil fast ny direktør er på plass.

AU har i dag, 30.03.22, fått informasjon frå leiinga ved HVO om at det skal vere med ein studentrepresentant i innsstillingsutvalet.

Ein ny høgskuledirektør er av betydning for studentane i Volda, og AU ser det som svært viktig at studentane er representert i tilsetjingsprosessen. Ved ordinære tilsetjingar av faglege tilsette ved Høgskulen i Volda, er det TUFO – tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar – som tek seg av det. Der har vi to studentrepresentantar, Trond-Fredrik Hoddevik og Leander Prag Sømme.

AU finn det difor naturleg at ein av desse går inn også i utvalet som skal innstille på høgskuledirektør. Som leiar av Studentparlamentet er kanskje Trond-Fredrik Hoddevik den mest nærliggjande å velje. Men sidan han i tidsperioden for tilsetjing av mellombels direktør, har ein del andre forpliktelser, blant anna tilknytt landsmøtet til NSO, finn AU det klokt å innstille på Leander Prag Sømme som studentane sin representant i utvalet, og Trond-Fredrik Hoddevik som vara.

AU sitt forslag til vedtak:

Leander Prag Sømme blir valt til studentrepresentant i innstillingsutvalet for ny høgskuledirektør.
Trond-Fredrik Hoddevik blir valt til personleg vara.

Bakgrunn

Høgskuledirektør har sagt opp stillinga si frå 01.08.2022, og styret har satt ned eit innstillingsutval som både skal innstille på ein kandidat til fast tilsetjing (dette arbeidet vil føregå til hausten) og ein til mellombels tilsetjing inntil fast direktør er på plass (dette arbeidet vil føregå mellom 1.-20. april).

Leiinga bed Studentparlamentet utpeike ein representant til innstillingsutval for tilsetjing av ny høgskuledirektør. Arbeidet vil omfatte intervju med kandidatar og førebuande/oppsummerande møte i utvalet. Representanten får møtegodtgjering i tråd med satsar for deltaking i TUFO.

I UH-loven § 11-1 (3) står det at administrerande direktør skal tilsettast på grunnlag av innstilling frå eit innstillingsutval. Styret sjølv avgjer kven som blir med i utvalet og gir nærare reglar om innstilling med meir. Studentar skal vere representerte i innstillingsutvalet.

Styret har sett ned følgjande utval:

- 1) Rektor Johann Roppen – leiar
- 2) Styremedlem Roar Tobro - oppnemnd av styret
- 3) Dekan Unni Hagen - oppnemnd av styret
- 4) Studentrepresentant (utpeika av Studentparlamentet)
- 5) Tenestemannsrepresentant (utpeika av organisasjonane)
- 6) Tenestemannsrepresentant (utpeika av organisasjonane)

Personal er sekretariat for innstillingsutvalet.

Prosess

Den faste stillinga blir først utlyst når leiingsmodell (valt/tilsett rektor) er avgjort i juni. Dette fordi leiingsmodell får konsekvensar for innhald i direktørstillinga. Arbeidet med den faste stillinga blir derfor størst over sumaren. Det er naudsynt å få inn ein mellombels direktør fram til fast direktør er på plass. Denne stillinga blir ikkje utlyst, og innstillingsutvalet har fått i oppdrag å finne aktuelle kandidatar internt og innstille til neste styremøte, 5. mai. Det betyr at innstillingsutvalet må i gang med arbeidet snarast.

Rektor, som er leiar av innstillingsutvalet har satt opp følgjande tentative møteplan for den mellombelse tilsetjinga:

Veke 13: Fredag 1. april
Veke 14: Måndag 4. april
Veke 14: Tysdag 5. april
Veke 15: 11. april
Veke 15: 12. april
Veke 16: Onsdag 20. april
Veke 16: Torsdag 21. april

Sjå styresak 14/22 for meir detaljar. Protokoll er ikkje klar, men vedtaket blei i tråd med framlegget frå direktør.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/322956?agendaItemId=205341>